

Vestland Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 Leikanger

Vår ref.
25/481-3

Dykkar ref.

Dato:
02.06.2025

Detaljregulering for fv. 5662 Værlandet ferjekai - referat fra oppstartsmøte 25.04.2025.

Til stades:

Stine Unneland, Marta Osland Lavik, Ingrid Lekve Haugum, Marius Seim Brekke, Cecilie Mathisen, Aleksander Øren, Solveig Renslo – Vestland fylkeskommune
Solveig Renslo – Multiconsult
Liss Lien, Kjersti Sande Tveit – Askvoll kommune

Vestland fylkeskommune v/Stine Unneland presenterte det kommande planarbeidet. Vestland fylkeskommune ønsker å bygge ny ferjekai på Værlandet, på om lag same staden som eksisterende ferjekai. Dei ønsker òg å etablere ei liggjekai for ferja på nattestid i tilknyting til kaia. Dagens ferjekai er ikkje tilpassa moderne ferjer, og tilfredsstiller ikkje krava i handbok N400 i høve til kailengde. Køyrebrua er for smal. Tilleggskai og fending er for låg, og det kan potensielt bli problematisk i høve til framtidig havnivåstigning/stormflo. Ferjekaia ligg noko værutsatt til, og ei anna vinkling mot land kan vere aktuelt. Sambandet skal elektrifiserast, og det er for lite plass til å montere ladeinfrastruktur. Fylkeskommunen vil oppretthalde trafikken over kaia i anleggsperioden.

Fylkeskommunen har utarbeidd planinitiativ som gjer kort greie for ulike fagtema. Det er vurdert om det er trøng for konsekvensutgreiing, jfr. KU-forskrifta, i eige skjema. Kommunen har kommentarar til to av punkta i skjemaet: Vedlegg II pkt. 10 e) ii Bygging av havner og havneanlegg – fylkeskommunen meiner tiltaket ikkje går innunder punktet. Kommunen meiner det kan diskuterast, men held seg til fylkeskommunen si vurdering. §10 tredje ledd c) Statlege planretningsliner mv. – fylkeskommunen meiner tiltaket ikkje går innunder punktet. Kommunen meiner at statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona er relevant her. Fylkeskommunen har jfr. §10 konkludert med at det er trøng for konsekvensutgreiing pga. potensiell konflikt med kystblåstjerne, skjelsandområde og gyteområde for torsk. Det er ikkje trøng for planprogram.

I framlegg til framdrift for planarbeidet er det lagt opp til varsling av oppstart av planarbeidet i mai 2025. Førstegongshandsaming av planframlegget er tenkt i februar 2026 og vedtak av planen ved årsskiftet 2026/2027. Kommunen har ikkje merknader til framdrifta.

Det er føreslege eit relativt stort planområde, som omfattar ferjekaia og fylkesvegen opp til kryss med kommunevegen. Eit vesentleg areal på begge sider av vegen er teke med, og omfattar butikk og nokre private hus. Arealet er teke med for utbetring av kryss og høve til punktvise utbetringar, for mellombels rigg- og anleggsområde og for å sleppe å eventuelt måtte varsle oppstart på nytt for å utvide området seinare.

Fylkeskommunen vil gjere nærmere undersøkingar av havbotnen; scanning for topografi og eventuelle geotekniske undersøkingar. NGU har kartlagt havbotnen i kommunen, kommunen føreslår at fylkeskommunen undersøker om det er mogleg å hente ut delar av den informasjonen ein har bruk for frå det kartleggingsprosjektet. Kommunen sender lenke. Delar av vegtraséen går over område med torv/myr. Det er ikkje gjort grunnundersøkingar, og geotekniske undersøkingar vil bli vurdert i planarbeidet.

I arealdelen av kommuneplanen, vedteken 2015, er ferjekaia, området framfor butikken og delar av fylkesvegen avsett til føremål hamn. På sørssida av fylkesvegen er føremålet LNF, og på nordsida LNF spreidd.

Når det gjeld naturmiljø har ein fått med det vesentlege i planinitiativet. Kommunen gjer merksam på at omsynsssoner for naturmiljø (H560) i arealdelen er utdaterte – det er gjort nye registreringar etter at planen vart vedteken, og lokalitetane er ein del endra. Ferjekaia ligg relativt nær eit naturreservat, og det er registrert hekkelokalitetar for ørn på øya. Tiltakshavar bør kontakte statsforvaltaren om skjerma informasjon.

Kommunen kjenner ikkje til at det er kulturminne i eller ved planområdet, utover det som er nemnt i planinitiativet (ingen i planområdet). Det er mogleg at kulturavdelinga vil gjere arkeologisk registrering, dersom ein går utanfor areal som er bygd på i dag. Kulturavdelinga har ved tidlegare høve vore interesserte i å undersøke ulike område, sidan det er få arkeologiske spor kjent i Værlandet.

Fylkeskommunen meiner at ny ferjekai ikkje vil gje fjernverknad og landskapspåverknad utover dagens ferjekai. Dersom liggjekaia vert plassert framfor husa sør for ferjekaia, vil den komme nær og ha stor påverknad på utsikt for desse eigarane, og kommunen meiner at dette bør takast med i vurderinga av plassering.

Friluftsliv vil ikkje bli påvirka. Støy og trafikkmenge vil ikkje auke, med unntak av i anleggsperioden.

Planområdet omfattar noko areal på vestsida av kommunevegen (Nordsjøvegen/Soknavågsvegen). Her ligg ein låg bergrygg parallelt med vegen på det meste av strekninga. På vestsida av bergryggen kjem ein fort inn i nedslagsfelt for drikkevatn. Det kan vere greitt å vere klar over det.

Når det gjeld overvatin vil det bli utarbeidd VA-rammeplan som vedlegg til reguleringsplanen. Vurdering av stormflo- og bølgjepåverknad vil bli utført som «skrivebordsøving», ein vil dokumentere at det valde alternativet er trygt.

Det vil bli skildra i planomtalen korleis anleggsgjennomføringa er tenkt.

Kommunen stilte spørsmål om det er tilstrekkeleg straumforsyning. Kommunen viste òg til at det er gjeve dispensasjon til Skyss for etablering av ladeanlegg, og lurte på om den fell vekk. Fylkeskommunen meinte at det er vanskeleg å svare på – det kjem an på når planane vert vedtekne. Skyss har ansvar for å undersøke kapasitet iht. straum. Fylkeskommunen har ansvar for at det er nok areal. Det kan settast av areal til nettstasjon i reguleringsplanen, om nødvendig.

Venterommet ved kaia oppfattar fylkeskommunen at er ein del av kollektivplassen, og det vert med vidare i planarbeidet.

Planinitiativet omtaler utfordringar med trafikktihøve knytt til gåande og syklande, men kommunen oppfattar det som at det ikkje er planar om fortau eller gang- og sykkelveg. Kommunen tilrår at det

blir vurdert å etablere det. Fylkeskommunen vil sjå på det. Det skal lagast mobilitetsanalyse, og ein vil då sjå om det er trøng for å «stramme opp» i området. Vurderingane vil gå fram av plandokumenta.

Det har ikkje vore dialog med grunneigarane enno. Kommunen tilrår at det vert etablert raskt.

Fylkeskommunen stilte spørsmål om tomt i krysset, gbnr. 60/165. Kommunen sender kopi av vedtak i byggjesak.

Kommuneadministrasjonen er positiv til at det kan settast i gang planarbeid som omtalt.

Oppstartmøtet er eit samrådingsmøte i samsvar med plan- og bygningslova §3-7. Det vart avtalt kven som utfører dei ulike delane av planarbeidet: Fylkeskommunen varsler oppstart og utarbeider planen. Kommunen legg planen ut til offentleg ettersyn.

Oppstart skal varslast i ei avis (Firda) og elektronisk. Tiltakshavar kan sende tekst til underteikna, som legg kunngjering ut på heimesidene til kommunen. Kommunen sender fylkeskommunen ei liste over kven som skal varslast.

Plangrensa skal gå fram av oppstartvarselet. Kommunen skal ha tilsendt fil med plangrensa i sosi-format.

Plan-ID er 46452025001.

Dersom tiltakshavar ønskjer å justere planarbeidet litt i høve til det som er skissert i planinitiativet, er det ein fordel at det går tydeleg fram av oppstartvarslinga. Då kan ein unngå unødvendige innspel.

Kommunen ønskjer å få kopi av varsel og innspel når dei ligg føre.

Fylkeskommunen kan bruke eigne malar for plandokumenta. Kommunen har ikkje særskilte malar. Kommunen har heller ikkje særskilte ønske om teikningsvedlegg, men forventar vel at dei mest vanlege tekniske teikningane iht. vegnormalane ligg ved planen. Fylkeskommunen kan avgjere kva som er nødvendig.

Plandokumenta skal leverast i pdf- og word-format, plankartet i pdf- og sosi-format.

Underteikna vert sakshandsamar.

I etterkant av oppstartmøtet har kommunen vurdert på nytt om planen skal konsekvensutgreia. I fylkeskommunen sitt skjema er det konkludert med at tiltaket ikkje går innunder vedlegg II, jfr. §8. Likevel er det gjort vurderingar etter §10. Vurderingar etter §10 skal gjerast dersom tiltaket fell innunder vedlegg II, det er ikkje ein sjølvstendig paragraf for å vurdere konsekvensplikt. Kommunen har difor no vurdert kriteria for konsekvensutgreiing litt annleis, men kome til same konklusjon:

Reguleringsplanen vil ikkje legge til rette for tiltak i vedlegg I, jfr. forskrift om konsekvensutgreiing (KU-forskrifta) §6. Tiltaket med kai og liggjekai går inn under vedlegg II, pkt. 10 e) hamner, jfr. KU-forskrifta §8. Vurdering etter kriteria i KU-forskrifta §10 tilseier at tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er potensielle verknader i høve til naturmiljø (kystblåstjerne, skjelsandområde, gyteområde for torsk) og statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona som utløysar dette. Ut frå dette har administrasjonen konkludert med at det er trøng for utarbeiding av konsekvensutgreiing som del av planarbeidet. Det er ikkje trøng for utarbeiding av planprogram.

Med helsing

Kjersti Sande Tveit
plan- og miljøvernleiar

Direkte tlf.: 57 73 07 08

Brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.